

Agder Historielag

Postboks 136
4662 Kristiansand S
bankgiro 3000.20.36165
agder@historielagene.no
Mobil 458 65 237



ÅRSMELDING 2019

Styremedlemar og personlege varamedlemar før årsmøtet 27.04.19:

Arna Berg, Åseral sogelag, leiar. **På val 2019**

Vara: Helge Wiig, Holum historielag. **På val 2019**

Birgit Attestog, Setesdal sogelag, nestleiar. **På val i 2019.**

Vara: John Seldal, Øyestad historielag. **På val i 2019.**

Morten Aslaksen, Vennesla historielag. **Eit år att.**

Vara: Oddmund Valand Eikeland, Mandal historielag. **Eit år att.**

Helge Røed, Gjerstad Historielag. **På val i 2019.**

Vara: Anne Marie Ågedal, Audnedal historielag. **På val i 2019.**

Anne Tone Åneby, Åmli historielag. **Eit år att.**

Vara: John Seldal, Øyestad historielag - **Eit år att.**

Hans Christian Lund, Kvinesdal Historielag. **Eit år att.**

Vara: Ragnhild Høydal, Kvinesdal Historielag. **Eitt år att.**

Kurt Sandman, Selskapet for Grimstad bys vel. **Eit år att.**

Vara: Lars Petter Østeby, Høvåg museums- og historielag. **Eit år att.**

Eilert Skjævestad, Tromøy historielag. **På val i 2019.**

Vara: Gunnar Thorstensen, Tromøy historielag. **På val i 2019.**

Styremedlemar og personlege varamedlemar etter årsmøtet 27.04.19:

Arna Berg, Åseral sogelag, leiar. **Attvald for 2 år.**

Vara: Helge Wiig, Holum historielag. **Attvald for 2 år.**

Birgit Attestog, Setesdal sogelag, nestleiar. **Attvald for 2 år.**

Vara: John Seldal, Øyestad historielag. **Attvald for 2 år.**

Dag Magne Johannessen, Arendal historielag. **Ny styremedlem for 2 år.**

Vara: Åse Trondal, Stokken historielag. **Ny varamedlem for 2 år..**

Helge Røed, Gjerstad historielag, **Attvald for 2 år.**

Vara: Harald Søren Storaker, Austad historielag. **Ny varamedlem for 2 år.**

Morten Aslaksen, Vennesla historielag. **På val i 2020..**

Vara: Oddmund Valand Eikeland, Mandal historielag. **På val i 2020.**

Kurt Sandman, Selskapet for Grimstad bys vel. **På val i 2020.**

Vara: Lars Petter Østeby, Høvåg museums- og historielag. **På val i 2020.**

Anne Tone Aanby, Åmli historielag. **På val i 2020..**

Vara: Torstein Andersen, Søndeled og Risør historielag. **På val i 2020.**

Hans Christian Lund, Kvinesdal historielag. **På val i 2020.**

Vara: Ragnhild Høydal, Kvinesdal historielag. **På val i 2020.**

Leiar: Arna Berg blei vald for eit år.
Nestleiar: Birgit Attestog blei vald til nestleiar for eit år

Valkomiteen før årsmøtet 2019:

Ellen Ledaal-Gjertsen, Arendal historielag. **På val 2019.**
Terje Sandkjær, Landvik historielag. **Eit år att**
Torger Kvåle, Hægebostad historielag.
Signe Rysstad, Vennesla historielag. **På val 2019.**

Valkomiteen etter årsmøtet 2019:

Jan Einar Henriksen, Sønedeled og Risør historielag. **Ny medlem for 2 år.**
Signe Rysstad, Vennesla historielag. **Attvald for 2 år.**
Terje Sandkjær, Landvik historielag. **På val 2020.**
Arne Lervik, Austad historielag, Lyngdal. **På val 2020.**

Regnskapsfører:

Frank Olsen, Regnskap Sør.

Revisor:

Team Revisjon AS

Organisasjonssekretær/Daglig leder:

Kim Bredesen, 40 % stilling til 30. januar 2019
Martin Sturla Ledang 40 % stilling frå 1. februar 2019.

Verksemda i laget:

Styret.

I årsmøteperioden har styret har hatt 5 styremøter: 21. januar, 18. mars, 20. mai, 16. september og 18. november, med 49 saker på saklista.

Strategisamling.

I tilknytning til styremøtet 16. september hadde styret strategisamling der og varamedlemene og leiar i valkomiteen deltok. Det blei skriva referat frå samlinga og styret har teke med seg innspela i det vidare arbeidet.

Arbeidsutval.

Styret har hatt eit arbeidsutval bestått av leiar, nestleiar og eit styremedlem, Helge Røed. Arbeidsutvalet har hatt 2 møter og elles kontakt over telefon.

Redaksjonskomite for magasinet Egde.

I tillegg til organisasjonsekretæren som redaktør oppnemnde styret fylgjande: Anne Tone Aanby, Morten Aslaksen og Kurt Sandman.

Valnemnd.

Valnemnda har fått retningsliner for arbeidet og dei byrja allereie i 2019. Arne Lervik blei vald til leiar.

Kontorlokale og arkiv.

Agder Historielag har kontor plass på Arkivet freds- og menneskerettighets senter i Kristiansand

med opningstid for publikum nokre timar ein dag i veka, og elles har sekretæren vore godt tilgjengeleg på mobiltelefon. Laget har og arkivplass i same bygg.

Årsmøtet 2019

Årsmøtet blei halde laurdag 27. april 2019 på Revsnes Hotell i Bygland.

Det var i alt 72 deltakarar, 51 av desse var delegatar frå medlemslaga.

Arve Lindvig Vest-Agder museet og Hannele Fors Aust-Agder museum og arkiv presenterte nettstaden Agderbilde.no og korleis dei lokale historielag kan gjera seg bruk av dette.

Torridal historielag presenterte seg og korleis dei gjer bruk av Agderbilde.no.

Åmli historielag presenterte seg og arbeidet med fotosamling.

Grunna flystreik kunne ikkje Ingrid Synnøve Østvang koma og halda sitt innlegg om prosjektet "Lokalhistorie i skolesekken". Ho skulle og ha framført folketonar frå Østerdalen/Gudbrandsdalen som det kulturelle innslaget. I staden for folketonar blei det pianospel ved Ann-Margreth Haaland.

Ivar Haugen orienterte om den årlege turen som i 2019 gjekk til Lillehammer.

Årsmøtesakene med årsmelding, strategiplan, rekneskap, budsjett, auke av medlemskontingenten og val blei behandla.

Medlemslag og abonnentar

I Aust- og Vest-Agder er det i alt 52 lokale historielag med omlag 11 600 medlemar.

41 av lokallaga med 9262 medlemar er med i Agder historielag.

29 av lokallaga er medlem i Landslaget for lokal historie.

Magasinet Egde har om lag 700 abonnentar.

Økonomi

Det har blitt arbeidd med økonomien og styret har hatt økonomien som fast punkt på kvart styremøte. I samarbeid med rekneskapskontoret har vi lagt opp rutinar der organisasjonssekretæren har meir innsyn i rekneskapen, noko som er ressursparande både i tid og pengar. På årsmøtet i Agder Historielag 20.04.16 fekk styret fullmakt til å velja eventuelt rimelegare revisor. For rekneskapen 2017 blei det fakturert kr. 13 000,- til Agder Kommunerevisjon IKS. Det er eit lite og enkelt rekneskap, men må likevel bruka godkjent revisor. Styret har gjort avtale med Team Revisjon AS Mandal om å revidera rekneskapen for kr. 10 000,- (inkl moms), og vil kunna gjera det raskt utan vesentleg ventetid.

Vi har fått ned driftskostnadane, men har underskot også dette året grunna dårleg oppslutning på haustmøtet, ekstra lønsutgifter ved skifte av sekretær og produksjonskostnader ved Egdemagasinet.

Vi har framleis nokre bøker og årsskrift på lager.

Heimesida og Facebook.

Agder Historielag har heimeside med adresse www.historielagene.no/Agder

Den har lenker til alle lokallaga som ønsker det. Organisasjonssekretæren følger opp og utviklar denne sida og Facebook sida. Alle som er på Facebook kan søke på Agder Historielag, og legge inn ting av interesse der.

Agders Historie

Av dei planlagde 7 band er 4 ferdig:

- 1920 - 1945 (Kjell Olav Masdalen, 1991)
- 1840 - 1920 (Bjørn Slettan, 1998)
- 800 - 1350 (Torbjørn Låg, 1999)
- 1641 - 1723 (Ingeborg Fløystad, 2007)

Det som står att:

- 1350 – 1640: Stein Tveite skriv på dette og er komen langt, men har mellom anna att om skipsfarten, jordbruket og folket.
- 1945 til i dag: Dag Hundstad har skriva 7 ordinære kapitel til første del som går fram til 1970, men har att 3 store kapittel, politikk, industri og jordbruk. Kor mange kapittel som vil vera i andre del, 1970 – 2020, er ikkje avklara ennå.
- 1723 – 1840: Gustav Sætra byrja på arbeidet i 2018.

Redaksjonskomiteen hadde møte den 13. november på UIA.

Fylgjande møte: Berit Eide Johnsen (møteleiar og referent), Andreas Hompland, Harald Rinde (under diskusjon av Hundstad sitt manus), Dag Hundstad (forfattar), Gustav Sætre (forfattar), Stein Tveite (forfattar), Arna Berg (leiar Agder historielag) og Martin Sturla Ledang (organisasjonssekretær Agder historielag). Olav Arild Abrahamsen hadde forfall.

Arbeidet går seint, men det går framover.

Det er viktig med god kontakt og kommunikasjon mellom redaksjonskomiteen og Agder historielag.

EGDE – magasinet for historie og kultur i Agder

Egde - magasinet kom ut med tre nummer i 2019. Redaktør for magasinet var Martin Sturla Ledang.

Grafisk Partner stod for grafisk tilrettelegging og produksjon.

Annan aktivitet

- Styreleiar Arna Berg har delteke på ei regionleiarssamlingar arrangert av Landslaget for lokalhistorie, Gardermoen 16. februar.
- Landsmøtet til Landslaget for lokalhistorie hadde landsmøte i Alta 24. – 26. mai, med om lag 70 utsendingar frå heile landet, frå Agder Historielag møtte Birgit Attestog og Helge Røed.
- Styreleiar Arna Berg, organisasjonssekretær Martin Sturla Ledang og styremedlem Helge Røed møtte på sommartreff 22. juni i Gjerstad hos Helge Dalen. Han er styremedlem i Landslaget for Lokalhistorie frå vår region.
- Agder Historielag hadde stand på landbruksmessa Naturlegvis på Evjemoen 16. – 18. august. Styreleiar og organisasjonssekretær rigga og deltok på standen. Det var sendt ut invitasjon til lokallaga i Agder om å vera med, berre to lag melde seg og deltok, det var sogelaga i Setesdal og Åseral. Mange var innom standen, kjøpte publikasjonar og/eller teikna abonnement.
- Den tradisjonelle turen gjekk i 2019 til Lillehammer. Den varte frå 22. til 25. august. Ivar Haugen var turleiar. Kurt Sandman representerte styret på turen.
- Haustmøte var laurdag 5. oktober kl 12:00 – 16:00 i Skillingssalen på Arkivet freds- og menneskerettighetscenter. Tema var "Lokalhistorisk litteratur i lys av Bokåret 2019". Chris Nyborg, historikar og seniorrådgjevar ved Norsk lokalhistorisk institutt, heldt foredraget "Lokalhistorisk litteratur i lys av Bokåret 2019". Anne Tone Aanby, historikar og bygdebokforfattar, heldt foredraget "Lokalhistorisk litteratur, prosesser og utfordringer knyttet til å skrive og utgi lokalhistoriske bøker med lokalhistorisk innhold". Andreas Hompland, sosiolog og spaltist, heldt kåseriet "Rekviem for ei bokhylle". Han kåserte om å vera avhengig av papir og om kjærleik til ordentlige bøker. Det var eit interessant haustmøte med gode foredrag og kåseri, god tid til spørsmål og tid til mingling. Færre deltakarar enn før skuldast nok kollisjon med haustferie, elgjakt og hummarfiske.

- Samarbeid om prosjektet "Norsk digitalt fangearkiv".
- Agder Historielag har samarbeidd med Memoar og Åseral sogelag om 3 dagars kurs og praktisk hjelp til intervju, lagring og formidling av munnleg historie. Kurset er planlagt 16. – 18. mars 2020 på Minne kultursenter.
- Vi har ellers hatt god kontakt og samarbeid med fylkeskommunane, Vest-Agder-museet, Aust-Agder museum og arkiv, Statsarkivet, Arkivet freds- og menneskerettighetscenter og UIA.

Oppsummering

Kim Bredeesen sa opp stillinga i organisasjonen for å gå inn i nye oppgåver. Arbeidet i organisasjonen blei i starten av året prega av avslutning for Kim Bredeesen og tilseting av Martin Sturla Ledang som ny organisasjonssekretær.

Det har gått med ein del tid til organisasjonsbygging og arbeid med rutinar. Både styret og organisasjonssekretæren er godt i gang med årsplanar for møte og arbeidsoppgåver.

Arna Berg, leiar

Birgit Attestog

Morten Aslaksen

Anne Tone Aanby

Hans Christian Lund

Kurt Sandman

Dag Magne Johannessen

Helge Røed